



ULLENSVANG

Utvalde kulturlandskap i jordbruket



Forvaltningsplan for Ullensvang 2024 – 2029

Fjerde utgåve - mai 2024

Vedteken av Ullensvang kommunestyre 19.juni 2024

Innhold

Innleiing	3
Utvalde kulturlandskap i jordbruket	3
Områdeskildring	5
Ullensvang	5
Historisk bruk og driftsformar	6
Andre historisk nøkkelement	9
Dagens bruk og driftsformar	10
Frukt	10
Sider	11
Husdyr	11
Andre brukarinteresser	11
Avgrensing av området	13
Biologiske og kulturhistoriske verdier i området	13
Heilskap	16
Kontinuitet og tidsdjupne	16
Formidlingverdier	16
Fotodokumentasjon	17
Utfordringar	17
Visjonar og mål	18
Visjon:	18
Mål: Visjon:	18
Delmål:	18
Tildeling av midlar innanfor ordninga	19
Prioriterte område for tildeling av midlar	19
Historieformidling og samordning av skilting, tilrettelegging og informasjon	19
Skjøtsel av landskap og kulturminne	20
Besøksstyring og formidling	20
Næringsutvikling og merkevarebygging	21
Krav til søknad	22
Arbeidsfrist	22
Lovverk – status og tiltak	23
Kommuneplanen sin arealdel	23
Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA)	23
Kostnadsoverslag og finansiering	24
Kostnader	24
Finansiering	25
Kjelder	26



Innleiing

Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er ei oppfølging av nasjonale mål om å ivareta kulturlandskapet. Dette er eit samarbeid og spleiselag mellom styremaktene for landbruk og miljø, inkludert kulturminneforvaltninga. Dette er ei tverrfagleg satsing frå Landbruks- og matdepartementet og Klima og miljødepartementet. Satsinga vert nasjonalt leia av Landbruksdirektoratet, Riksantikvaren og Miljødirektoratet. Satsinga er basert på frivillige avtaler mellom staten og grunneigarar.

I 2017 vart forskrift for Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvsatsinga over LUF til Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan fastsett. Dermed vart rammene for forvaltninga av områda formalisert og strukturert på ein framtidretta måte. Ordninga er meint å gje rom for skiftande prioriteringar samstundes som kvalitetane/verdiane i dei utvalde områda vert oppretthalde.

Arbeidet med eit mogleg nytt UKL-område i eit fruktproduksjonsområde starta i 2016 hos Fylkesmannen i Hordaland. Ideen bak eit slikt område var å sikre verdiane i området og ha sterkt fokus på formidling av desse. Alle som er i, eller som reiser gjennom fruktbygdene i indre Hardanger ser at landskapet er unikt og har verdifulle kvalitetar. Likevel er det lite informasjon om kva ein ser. Vi ser og at dyrkingsmåtar endrar seg og at landskapet skiftar karakter. Dette er eit levande landskap som vi gjerne ønsker at fleire skal få ta del i og som vi trur det er mange som er interessert i å få vite meir om. Synleggjering av kva fruktdyrkinga har å seie for landskapet, og støtte opp om næringsetablering, var ein klar intensjon med UKL Ullensvang der utgangspunktet var tematikken frukt.

Etter vurdering av fleire moglege kandidatar vart ideen om eit fruktområde i Ullensvang herad lansert våren 2017. I første fase av prosessen vart det arrangert eit møte i Granvin med eit breidt spekter av moglege interessentar, inkludert representantar frå faglaga. Dette var eit arbeidsseminar der Fylkesmannen lanserte sine idear og fekk innspel frå møtedeltakarane. Dei lokale interessentane uttrykte stor interesse for dei overordna planane. Etter dette møtet spelte Fylkesmannen forslaget inn til Landbruksdirektoratet.

Landbruksdirektoratet gjorde eit utval av alle lanserte UKL-område og delte inn områda etter 1. og 2. prioritet. Fruktlandskapet i Ullensvang hamna i kategorien 1. prioritet og Fylkesmannen vart bedt om å jobbe vidare med området. Landbruksdirektoratet skriv i brev til fylka, dato 05.06.2017, som melding til fylkesmannen om den første innstillinga at:

I leveransen 8. mai skriver fylket at Sørfjorden med Ullensvang er fylkets 1. kandidat til nytt utvalgt kulturlandskap, men peker også på at Fykkesund er aktuelt. Vi ber fylket arbeide vidare med å klargjøre den kandidaten dere mener er den beste representanten for fruktbygd på Vestlandet, og som innehar både kulturhistoriske og biologiske verdier, for en mulig status som utvalgt kulturlandskap jf. punktlista over.

Frå 2024 er UKL Ullensvang offisielt 1 av 51 utvalde kulturlandskap i landet.



Målgruppe for planen

Forvaltningsplanen skal gje grunnlag for å gå vidare med planlegging og forvaltning av det utvalde kulturlandskapet Ullensvang. Målgrupper for planen er såleis kommunen, som frå 1. januar 2020 forvaltar tilskotsordninga til utvalde kulturlandskap i jordbruket, i tillegg til Landbruksdirektoratet som sentral koordinator for ordninga. Forvaltningsplanen skal òg peike ut retning i arbeidet med UKL-området for eigarar/brukarar, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, næringsorganisasjonar, frivillige organisasjonar, Hardanger og Voss museum, fruktlager og andre lokale interessentar.

For at UKL-statusen skal vere til nytte for lokalsamfunnet, så vel som nasjonalt, må planen og strategiane denne peikar på, vere utforma på ein måte som gjer meirverdi til grunneigarar og andre.

Organisering av arbeidet med forvaltningsplanen

Fylkesmannen i Vestland ved landbruksavdelinga har stått for arbeidet med utkastet til forvaltningsplanen.



Frå folkemøte på Alvavoll frukt- og sidergard, april 2019. Foto: Fylkesmannen i Vestland

For å forankre satsinga lokalt og sikre gjennomføringsevne vart det hausten 2019 oppretta ei lokal arbeidsgruppe for området. Gruppa var sett saman av nøkkelpersonar frå grunneigarsida, næringsliv og lokal forvaltning i området, i tillegg til representantar frå regional forvaltning. I 2024 er planen blitt justert og oppdatert av administrasjonen i kommunen. Utkastet har vore på ei kort høyring til nøkkelpersonane. Innspela som er kommen inn er i all hovudsak innbakt i planen og danner grunnlaget for det som no føreligg.



Områdeskildring

Ullensvang

UKL-området Ullensvang ligg i Ullensvang kommune i jordbruksregion Fjordbygdene på Vestlandet og i Trøndelag og i landskapsregion 15. Lågfjellet i Sør-Norge og 23. Indre bygder på Vestlandet. Området utgjer eit fjordsystem med gradient frå fjord til fjell på 1500 meters høgd, ein gradient som inkluderer strandsone, dyrka mark, utmark og høgfjell med bre og snaufjell, liggjande hovudsakeleg langs Sørfjorden. Kontrasten mellom det vertikale og horisontale skaper eit klart definert storskala landskap. Sørfjorden er ein fjordarm av indre del av Hardangerfjorden med eit rett fjordløp med lier som stig jamt frå sjøen til fjellet. I aust ligg Hardangervidda, i vest ligg Folgefonna mellom Sørfjorden og Jondal. Toppen på Folgefonna ligg på 1 635 meter. Frå fonna stuper landskapet ned på andre sida mot Jondal. Fjella i aust er på 1 200 – 1300 meter før det småkuperte terrenget strekker seg austover mot Hardangervidda.



Oversiktskart over avgrensninga av UKL Ullensvang

Området er om lag 180 km² stort, der 25 prosent av arealet er sjø. Det strekkjer seg frå Alsåker i vest, og rundar neset ved Hesthammar og vidare mot Utne og Trones, sjølv inngangen til Sørfjorden. Området følgjer så Sørfjorden sørover frå Trones og Instanes på begge sider til og med



Salthella og Espe i sør (sjå kart).

Klimaet i området er temperert, marint og fuktig, med relativt milde vintrar (Ahrens, 2005:352). Målingar frå stasjon 49490 Ullensvang Forsøkgard på Lofthus viser at gjennomsnittsnedbøren har vore på 1350 mm i året i siste normalperiode, 1961- 1990. Til samanlikning hadde Bergen eit gjennomsnitt på 2511 mm i same periode. Området ligg i regnskuggen av Folgefonna, noko som verkar inn på nedbørsforholda. Som følgje av høgda på Folgefonna slepp lufta nedbør på toppen av Folgefonnplatået. Dermed er mykje av nedbøren slept når lufta når Sørfjorden. Gjennom vinteren nyt området godt av varmen frå Sørfjorden som fungerer som eit varmebasseng.

Landskapet vi ser i dag er eit resultat av gardsdrift der dyrking av frukt i stadig sterkare grad har utgjort næringsgrunnlaget. Gardseigedomane går frå fjord til fjell. Nedst ved fjorden ligg stø, naust og gjerne ei kai. I den best tempererte sona er det frukthagar, andre stader er det bær og beiteområde. Arealet med frukttre er svært stort i norsk samanheng, der det ligg som eit mest samanhengande belte på begge sider av fjorden. Tuna er stort sett lokalisert langs etter fjorden og veggen. Enkelte stader ligg det eit øvre tun høgre opp i lia.

Byggeskikken i området er variert, og speglar samfunnsutviklinga, særleg tilbake til utskiftinga på 1800-talet, og i nokre tilfelle tida før dette. Dei typiske vestlandske lemstovene vart til etter at det vart vanleg med jernomnar og skorstein. Desse er gjerne sett saman av eldre bygningar som før samanbygginga hadde røykomn. Då klyngetuna vart oppløyste som følgje av utskifting, vart lemstovene gjerne erstatta med nye hustypar. Ein mykje brukt hustype frå slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet er laftehus i sveitserstil med høge, bratte saltak med skifer. Skifertaka er eit av dei viktigaste trekka ved byggjetradisjonen i Hardanger, og utgjer ein gamal tradisjon med utspring i lokale skiferbrot tilbake til 1400-talet. På lør og andre driftsbygningar vart det ofte lagt villskifer, medan det på våningshusa vart brukt firkantskifer eller dråpeskifer. I liene ligg det tidlegare vårstølar som til dels står til nedfalls i dag. Mange av bruka har stølsrettar i/på privat grunn og statsallmenningen, og gardsbruka har gjerne partar i steinbuer til jakt, og fangst.

Historisk bruk og driftsformar

Ullensvang har ei rik historie, og peikar seg ut med særskilt interessant mellomalderhistorie som òg frukthistoria knytter seg opp mot. I Opedal låg m.a. Opedal hospitium og kapell, òg omtala som Opedal kloster, som truleg låg under cistercienserane på Lysekloster i Os. Lysekloster vart etablert i 1146 og etablerte ein bugard i Opedal i Ullensvang på 1200-talet. På/ I Opedal ligg framleis Munkagard kor det skal ha lege ein avlsgard, og i fjellet over heiter det/ ligg Munketreppene. På bugarden planta munkane både eple, pære, kirsebær og plommer, og herifrå spreidde fruktdyrkinga seg i Hardanger. Klostera andre stader i landet fungerte på same måte.

Munkane hadde kontaktar i andre land, og dei skaffa plantar frå utlandet til eige bruk, og dei formidla planter til andre. Forneiring av frukttre var ikkje enkelt, men munkane kunne teknikken med å pode og hjelpte og bønder utanfor sjølve klosterhagane¹. Lokale stadnamn i Opedal fortel om tilknytninga til klosteret, som t.d. Munkakjeldo og Munkatreppene. Munkane frå Lysekloster vert rekna som dei første fruktdyrkarane i Hardanger og sette startskotet for denne viktige næringa og identiteten for området.

Fruktdyrkinga i pionertida gjekk truleg føre seg i form av epledyrking, der trea vart spirte frå frø og berre eit fåtal av trea var poda. I mellomalderdokument, som omtalar lover, arveskifte og sal av gardar, vert såkalla eplegardar nemnde i perioden 1360 – 1450, noko som viser at fruktdyrkinga tok seg opp i løpet av seinmellomalderen. I denne tida vart det òg meir vanleg med dyrking av kirsebær. Munkabær er fortsatt brukt som samlebetegnelse på sorten, som går under namn som Frostakirsebær, Hardangerkirsebær, Liermorell eller andre lokale namn. Plommer, pærer og søtkirsebær (moreller) er mindre hardføre og blei meir utbreidd seinare. Ved sida av kirsebær var eple den mest dyrka sorten. Det er særleg vintertemperaturane som er kritiske for mange sortar, dei kunne fryse bort i kalde vintrar. Klimaet har vore med på å skape skilnader mellom landsdelane med

¹ Frå boka *Norsk frukthistorie sett frå Hardanger* av Finn Måge, 2016



omsyn til utbreiinga av frukttre.

Det er gjengs oppfatning at fruktdyrkinga gjekk tilbake i samband med reformasjonen i 1537 og bortfallet av klostervesenet i Norge.

Likevel var kontakt med utlandet, internasjonalisering og import av frukt og frukttre til stimulans for fruktdyrkinga. Særleg var det mykje kontakt med Nederland på 1500- og 1600-talet, samstundes med den storstilte eksporten av eiketømmer, og mange nordmenn busette seg i dette hagebrukslandet i kortare eller lengre periodar. I denne perioden blei det fleire sjøveigande bønder, noko som og auka interessa for hagebruk. Storgardar hadde gjerne eigen gartner som tok med seg teknikkar frå utlandet. Mellom anna på Baroniet i Rosendal blei det tilsett gartner i 1683 som importerte frukttre av fleire sortar på første halvdel av 1700-talet. Baroniet eigde mange gardar i indre Hardanger. Presten Thomas Samuelsen Uro, som var i Granvin prestegjeld frå 1652 til 1667, planta frukttre i Ulvik sokn. Han var frå Danmark og hadde interessa for hagedyrking med seg frå heimlandet. Frå denne perioden har vi ein del namngitte sortar, og det viser at det skjedde ei utveljing, og at gode sortar blei oppformerte med avleggjarar eller poding. Tormodeplet, som kom frå Aga, stammar truleg frå før år 1700. Søteple var ein annan viktig sort, slike tre kunne gje både 12 og 14 tønner eple. Hovlandseple likna søteple, men var større og betre. Sorten var mykje planta i Hardanger og vart selt til strilane.

I perioden fram til 1750 vart det embetsmenn og særleg dei geistlege som stod for utviklinga i feltet på sine storgardar og herregardar. Prosten H. C. Atche planta dei to første morelltrea i prestegarden i 1758. Ole Pedersen Løgit (1662 - 1717) og sonen Peder Olsen Løgit (1702 - 1786) frå garden Helleland i Ullensvang vert rekna for å ha mykje av æra for oppsvinget i næringa. Mellom anna lærte Peder hardingane å lage frukttre ved hjelp av poding. Stortingsmann og gardbrukar Johannes Pedersen Aga planta dei første to Gravensteintrea i 1792 som vart importerte frå Hamburg gjennom ein kjøpmann i Bergen. Dette viste seg å vere ei vellukka planting, og podekvistar frå desse trea gav opphav til ei mengd nye tre. Ingen annan eplesort har gjeve meir inntekter til norske fruktdyrkarar enn sorten Gravenstein (ibid).

Eple har, som nemnt, vore det viktigaste fruktslaget i Sør fjorden så langt tilbake ein kjenner til. Surkirsebær var og viktig og frå omkring 1750 fekk pærer og pæredyrking eit oppsving. Det kom nye sortar som Steinpære, Mjølpære, Sukkerpære og Bergamott. Gardbrukar Tobias Eidsnes (1750-1843) var ein av dei som var tidleg ute med pærer. Han var og tidleg ute med å pode keisarinnepærer på asal. At det kunne vekse pærer på asal, tykte folk var eit mirakel – asal kunne folk finne i skog og mark. Frå Eidsnes spreidde keisarinnepæra seg kring i Sør fjorden, og sorten blei dominerande i oppimot 200 år. Sist på 1700-talet blei det sagt at poteta, morelltrea og Keisarinnepæra hadde omskapa jordbruket i Ullensvang. For å gje importerte frukttre betre vilkår planta presten H.C. Glahn i Ullensvang på 1770-talet 40 tre på bøen slik at dei fekk meir lys og klarte seg betre. Dette viser at fruktdyrkinga vart høgare verdsett. Tidligare blei frukttrea planta i utkantane rundt den dyrka marka, ikkje i god slåttemark og åkerjord. I samband med at fruktdyrkinga vart stadig meir verdsett, byrja brukarane no å plante frukttre på dei beste åkerareala (Måge 2016: 15-22).

Siste halvdel av 1700-talet var òg ein periode for etablering av planteskular. Med desse vart mange både lokale og importerte sortar oppformerte og spreidde ut over landet. Presten Christian Teilmann (1743-1821) stifta den første planteskulen på Modum i 1771. Ikkje lenge etter skipa Kristofer Sjurson Hjeltnes (1730-1804) den første planteskulen på Vestlandet i Ulvik, med ein gartner frå Danmark.

Schübeler var professor i botanikk ved universitetet i Christiania og har blitt kalla hagebrukets far i Noreg. Han arrangerte fleire hagebruksutstillingar på Tøyen (1852 til 1861). Til desse utstillingane kom det inn produkt mellom anna frå Johannes Lutro og Johannes Aga i Hardanger. Han trekk fram Aga-eplet: «blant disse vil eg spesielt fremheve et eple eg har kaldt Aga-eplet, efter en sjeldan skarpsindig Bonde og Gaardbruger, Johannes Aga. Baade hand forfedre i fleire Led haver udmerket sig som dyktige Befordrere av Frugtavlen i deres hjem, der er en av Norges rikeste frugtegne, det for sin malerisk skjønne natur berømte Ullensvang prestegjeld, ved Bredden av Sør fjord i Hardanger ...» (ibid).

Likevel var det anna jordbruk som i all hovudsak prega landskapet i Sør fjorden fram til slutten av 1800-talet. Frukthagane var der, men det var mest slåttemarker og åkerbruk som var den store drifta.



På eit gammalt bilde av Lofthusbygda frå 1880 er det ikkje frukttrøa som pregar bilete. Dei er meir litt her og der, bortsett frå i sjølve Opdal der større område med innmark er planta med frukttrø.



Figur 3. Parti frå Lofthus med dominans av hesjer i jordbrukslandskapet. BS-samlingen. Foto: M. Skøien

Først i byrjinga av 1900-talet var Ullensvang den største fruktkommunen i landet, noko som førte med seg ei stor næring innan frukthandel i form av skutehandel (op.cit). Bergen var lenge den største marknaden, men både Kristiansand, Stavanger, Trondheim og etterkvart Oslo, var òg viktige marknader. Skutehandelen gjorde at fruktdyrking for alvor vart ein næringsveg for bøndene i Hardanger, og i ein rapport frå 1860 står det at 300 av 531 bruk i Ullensvang herad dyrka frukt. I boka «Hardingar på sjøen» av Halldor O. Opedal kan ein lese at kjelder viser at hardingane dreiv med frukthandel før 1750. Bergen var lenge den største byen og viktigaste marknaden i landet, og det første sikre vitnemålet om at hardingar handla med frukt i Bergen, er saga om Lars Aga, som låg med ei båtlast kirsebær ved Kjerringberget og hørde kanonsalvane frå slaget mellom engelskmenn og hollendarar på Vågen i Bergen den 2. august 1665. Ei annan kjelde beskriv ein annan harding, Sterke Knut på Jåstad, som pressa og selde fruktsaft i Bergen på 1770-tallet (ibid).

Frå 1890-talet utvikla dei første fruktlagera seg etter at handelskarar slo seg saman i såkalla fruktlag. Desse medverka til å utvikle handelen og til produktutvikling innan saft og eddik og vart etter kvart å sjå med sine utsal i byane frå Oslo til Hammerfest (op.cit). Dampen knytte gardane nærare marknaden i Bergen. Bøndene skipa år for år meir og meir frukt med skipa til Bergen, og det utgjorde ein stadig større del av inntekta delvis fordi prisane på bygg vart lågare.

I 1908 tilsette Ullensvang herad eigen heradsgartner. I følge bygdesoga var det ein av merkedagane i fruktdyrkarhistoria i Hardanger.

Andre historisk nøkkelement

Ullensvang er òg kjent for klyngetunet på Aga, og Lagmannstova frå 1220-1230, bygd av forfedrene til lagmannen, riksrådmannen og riddaren Sigurd Brynjulfsson. Han vert rekna som ein typisk representant for det norske aristokratiet som utvikla seg i andre halvdel av 1200-talet, og som hadde kontaktar og band til den felleseuropeiske kulturen- og samfunnsutviklinga. Brynjulfsson var del av den kongelege rådskrinsen, men ser ikkje ut til å ha vore blant dei faste eller fremste rådgjevarane. I Sigurd si tid byrja ikkje-fyrstelege personar i Norge å bruke våpenmerke i skjold og segl. Sigurd sitt våpenmerke var ein bjelke mellom tre liljer. På Hesthamar står ein steinkross som skal vera reist til minne om lagmannen Sigurd Brynjolvsson som truleg drukna på Samlafjorden i 1302.



Figur 4 Detalj frå Lagmannsstova på Aga og steinkrossen på Hesthamar til minne om riddar Sigurd Brynjolvsson

Som eit fysisk minne etter mellomalderen står òg Ullensvang kyrkje på Lofthus, bygd i perioden 1250–1300 i kleberstein og i engelsk gotikk.

Sorenskrivarordninga vart innført ved ei forordning av 31. juli 1591. Her kom det påbod om at ein «svoren skriver» skulle bli tilsett i alle sogn. I 1848 oppretta Staten et fond for erverv av sorenskrivargardar. I tiåra rundt år 1900 vart eit stort tal eigedomar erverva og bygd som sorenskrivargardar. Av 67 sorenskrivargardar i 1932 er det i dag tre igjen i statleg eige. Anlegget på Lofthus blir vurdert som det best bevarte av desse.

Frå fjordbygdene gjekk det viktige handelsruter, kalla sleper, over Hardangervidda i gamle dagar. Langs Nordmannsslepen og Hardingslepa vart det frakta varer austover, mot til dømes Kongsberg. Den eine av slepen, som vert kalla Haringslepet, gjekk frå Sørfjorden og over vidda (nordmannsslepen.no), m.a. til Kongsberg. Det var stort behov for talg til smørjing av maskiner og lys i gruvene ved Kongsberg Sølververk. Rekneskapan frå sølververket viser at hardingane leverte talg på Kongsberg minst 1327 gonger mellom 1714 og 1794, og at dei då hadde med seg 700 tonn talg. Kjeldene fortel òg at dei hadde med seg 66 000 riksdalar tilbake til Hardanger, der mesteparten gjekk til gardane langs Sørfjorden (Herstad 2015). På 1700- og 1800-talet reiste driftekarane òg med store flokkar hestar og storfe til marknadsplassane austpå.

Komponisten Edvard Grieg (1843 - 1907) var mykje i Hardanger sommarstid. Her komponerte han fleire kjende stykke. På Lofthus fekk han bygga ei lita hytte som han brukte til å arbeide i. Denne hytta står no i hagen til Hotel Ullensvang.

Dagens bruk og driftsformar

Gamle Ullensvang herad var, før samaslåinga til nye Ullensvang kommune, den kommunen med størst fruktproduksjon i Noreg. I UKL-området er det om lag 150 som søker om produksjonstilskot. Hovudproduksjonen er fruktproduksjon og noko grovfôr og småfeproduksjon, gjerne i kombinasjon. Det er stor vekt på produksjon av kvalitetsfrukt og eit fagleg sterkt dyrkingsmiljø som legg vekt på å ta i bruk nye metodar for å utvikle produksjonen.

Fruktlagera, Norsk landbruksrådgiving og NIBIO sin forskingsstasjon i Ullensvang er viktige for det faglege dyrkingsmiljøet. NIBIO Ullensvang ligg på Lofthus, og vart etablert i 1949 for å løyse fruktbonde sine problem i fruktdyrkinga. Den same målsetjinga ligg til grunn for arbeidet ved NIBIO Ullensvang i dag, men i tillegg er det tilført kompetanse og laboratorium og smakslab for sidernæringa. Det er 18 tilsette knytt til stasjonen som til saman dekkjer fagområde knytt til heile verdikjeda frå jord og til bord. Dette er sjølvsagt ein stor ressurs i området. Norsk Landbruksrådgiving har kontor i bygget til NIBIO Ullensvang.

Siderklynga (Hardanger Siderproducentlag) er også lokalisert ved NIBIO Ullensvang. Her forsøker ein å byggje eit nasjonalt frukt- og sidersenter – Norges kompetansestad nr 1 for frukt og sider.

Frukt

I Ullensvang finst det i dag om lag 500 000 frukttre, og kommunen er blant dei største og viktigaste dyrkingsområda for frukt i landet. Det blir dyrka frukt på begge sider av Sørfjorden i eit belte frå sjøen og opp til 200–250 moh. Eple dominerar, og Aroma og Gravenstein er dei viktigaste sortane. Pæredyrkinga har gått tilbake dei seinare åra, medan morellar og plommer vert dyrka i store tal, m.a. grunna innovasjon i dyrkingsteknikk og handsaming av bæra.



Moderne frukthage på Lofthus

I åra etter 1960 har fruktdyrkinga i Ullensvang gjennomgått eit stort hamskifte og rasjonalisering. Dei høge trea med store kroner er bytte ut med låge tre som kan haustast frå bakkenivå. Plantingane er ordna i felt med få sortar. For å gjere areala meir praktiske og framkommelege er bekkar og små elver



tidlegare lagt i røyr, og terrenget er utjamna.

Klimatisk ligg Ullensvang på nordgrensa for yrkesfruktdyrking. Sommartemperaturen er avgjerande for å oppnå god vekst og kvalitet på frukta. Milde vintrar sikrar god overvintring utan frostskaade på knoppar og røter. I veksttida (mai–september) er normaltemperaturen 13,0 °C, medan nedbøren normalt er 438 millimeter. Frukttree har djuptgåande rotsystem og krev eit jordsmonn som er lett gjennomtrengjeleg, slik at røtene får god tilgang på næring, luft og vatn. Jorda er i hovudsak morenejord, ofte med skredmassar i øvre jordlag. Jorda har lågt leirinnhald, men høgt innhald av organisk materiale. Med nokolunde jamn fordeling av nedbøren i veksttida gir dette jordsmonnet gode vekstvilkår for frukttree.

Sider

Hardanger Siderprodusentlag vart etablert i 2003 og har arbeidd strukturert med utvikling av sidernæringa dei siste 20 åra. I 2024 er nærare 30 produsentar, med tyngdepunktet innanfor UKL-området. Sider frå Hardanger har oppnådd geografisk beskytta nemning, eit tradisjonsprodukt av god kvalitet.

Sidan 2016 har ein kunne selja sider frå gardsutsal. Gardsbesøk og sidersmakingar har vorte ein viktig del av reiselivsnæringa. Det er utvikla ein ny «reason til go» i Hardanger. I 2019 starta prosjektet «Siderklynga» og ein arbeider i dag på tvers av næringar og bedrifter for å fremja verdiskaping gjennom samarbeid. Hardanger har 80 % av produksjon og sal av norsk sider; produksjonen er nærare 1 million liter med tilhøyrande verdiskaping for siderprodusentane over 100 millionar kr. NIBIO er i førarsetet på forskning innan sider og most, Fagskulen Hjeltnes har fått verdas beste pommelierstudie; det kjem ny litteratur om sider kvart år; reiselivskonseptane er vidareutvikla, og «sidersafari» skapar entusiasme og samarbeid på tvers av reiselivsaktørane. Ein arbeider for eit varig nasjonalt frukt- og sidersenter med spisskompetanse. Utgangspunktet er midt i UKL-området i prestegardsløa på Lofthus.

Husdyr

I 2020, då Ullensvang vart del av UKL-ordninga, var det 34 bruk som dreiv med sau innanfor UKL-området og 5 bruk med mjølkeproduksjon. To av dei som dreiv med sau hadde det som einaste leveveg, og to av dei hadde sau i kombinasjon med mjølk som leveveg. Eitt bruk hadde mjølkeproduksjon som leveveg. Dei andre som dreiv med dyr, hadde dette i kombinasjon med fruktdyrking og/eller annan jobb ved sidan av.

Andre brukarinteresser

Reiseliv

Hardanger og Ullensvang er eit kjend turismål. Turismen på byrjinga av 1900-talet var svært stor, då engelske og tyske turistar valfarta til området for å sjå fossar, brear, natur og kultur. Prost Niels Hertzberg i Ullensvang vert ofte kalla Norges første «reiselivssjef» då han skreiv om Vøringfossen og Folgefonna i aviser tidleg på 1800-talet. I Ullensvang prestegard tok han imot reisande og kunstnarar frå inn- og utland og fortalde om og synte dei naturattraksjonane. Etter dette har turisme vore ei viktig næring med potensial for utvikling.





Gamal frukthage brukt som campingplass på Helleland

Eit døme på utviklingspotensialet, men òg dei meir utfordrande sidene ved reiselivet, er «oppdaginga» av Trolltunga, inst i Sørfjorden. Etter at denne attraksjonen vart kjent for eit stort publikum har det vore aukande besøkstal år for år. Dette har ført til utfordringar særleg med tanke på infrastruktur. Trendane er at turismestraumane frå land som Kina, Russland og Taiwan, i tillegg til frå Europa i større grad legg turen utanom allfarveg, mot eksotiske reisemål, deriblant òg Norge og Vestlandet.

Hardanger har ei rik middelalder- og rettshistorie. Aga har sidan tunet vart freda vore formidlingsarena for historiske tema knytt til eigedom og eigedomsendringar. Arbeidet ved Agatunet har vist at jordskifte og dei store eigedomsendringane landet har vore gjennom, er lite kjende i dag.

Ullensvang prestegard med kyrkja og historiske frukthagar og 5 freda og nokre verneverdige bygg er eit heilskapeleg kulturmiljø verd å ta vare på. Området er skildra av kunstnarar og fotografar og er eit ikon for kulturlandskapet i Hardanger og Norge. Det er tatt initiativ til å gje desse bygga ny bruk i forprosjektet «Nasjonalt frukt- og sidersenter» der NIBIO, Siderklynga og Hardanger og Voss museum mfl har samarbeida. Eit prosjekt om formidlings- og besøksenter for frukt- og sider i den gamle prestegardsløa er under utvikling. Det vil ved ei realisering kunna verta ein attraksjon for alle og eit «nav» for kunnskap og historieforteljing om kulturlandskapet, fruktdyrking, eple, sider/most og kulturminne i Hardanger. Det vil vera ein vegvisar og møtestad for vandringar i området rundt heile året.

Friluftsliv

Det er lett tilgang til natur og gode tilhøve for fysisk aktivitet i nærmiljøet for innbyggjarar og gjester i området og føresetnadane for friluftsliv både sommar og vinter er gode. Ein stor del av fjellområda i kommunen ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Det er lange tradisjonar når det gjeld bruk av fjellområde, skog og mark til friluftsliv, jakt og fiske. I tillegg finst mange fine badeplassar langs fjorden.

Avgrensing av området

To tydelege tema og raude trådar er gjennomgåande for det utvalde området; fruktdyrking og retts- og middelalderhistorie. For å få med heilskapen i landskapet og den historiske djupna har avgrensinga av området vore eit vanskeleg spørsmål. Området femnar no bygdene i Sørfjorden i tillegg til området frå Utne mot Alsåker. UKL-området er relativt stort samanlikna med andre UKL-område i landet. Dette skuldast m.a. at det har vore vanskeleg å trekke ei meir snever grense som ikkje bryt heilskapen.

Heilskapen og samanhengane i området er ein stor styrke med dette området. Bygdene i Sørfjorden heng saman, både kulturelt og visuelt, men for å inkludere viktige kulturlandskap og vise fleire dimensjonar i fruktdyrkinga som er karakteristisk for fjordane på Vestlandet er strekket mellom Utne og Alsåker inkludert, sjølv om dette visuelt sett ligg utanfor synsfeltet når ein oppheld seg i Sørfjorden. Det har vore eit ønskje frå landbrukskontoret i Ullensvang herad at desse bygdene også vert teke med i avgrensinga.

Området syner ulik teknologi og dyrkingsmetodar før og no. Såleis er området ein eigna representant for typiske fruktlandskap i fjord-Noreg. Innanfor UKL-området er det eit sterkt og godt produksjonsmiljø, så fruktdyrkinga i området vil ikkje avhenge av ein eventuell UKL-status. Ein UKL status vil likevel vere positivt for området og innbyggjarane på fleire måtar og kan medverke til merkevarebygging av lokale produkt og bevisstgjerjing av dei verdiane landskapet har og gir.

Biologiske og kulturhistoriske verdiar i området

Biologiske verdiar

Gjennom den intensive og moderne produksjonen som har prega fruktlandskapet er det mindre biologiske verdiar att i landskapet. Desse er knytt til meir marginale jordbruksområde. I området finn vi berre ei verdifull artsrik slåttemark. Elles er registrerte BMF-verdiar knytt til skog (rik edellauvskog (A-verdi), haustingsskog (A og B, gammal barskog (A-verdi), rik blandingsskog (A-verdi) og gammal boreal lauvskog (A-verdi).

Haustingsskogen på Troneset (BN00079912), er ein lokalitet med talrike førekomstar av styvingstre.

Alsåker naturreservat har som føremål å ta vare på gammal edellauvskog med alm, ask og lind, som tidlegare har vore haustingsskog, som er representativ for indre strok av Hardangerfjorden. Vegetasjonstypene er varierte, med innslag av småbregneskog, blåbærskog og høgstaude storbregneskog. Området har stor variasjon av treslag, og dei eldste trea har tidlegare vore styva (Forskrift om vern av Alsåker naturreservat).

Vassdraget Opo med utløp i fjorden ved Lofthus er verna gjennom Verneplan for vassdrag.

Kulturmarkstypar

Innanfor området er det registrert tre lokalitetar med slåttemark. Desse er Haugane (BN00086373), Kvelve (BN00086378) og Torebrekk (BN00024952) på Måkestad nord for Reisetser.

Av desse er Torebrekk den mest artsrike og den lokaliteten med best hevd. Denne har A-verdi i naturbase og skjøttast i dag i samsvar med utarbeidd skjøtselsplan. Brukar får tilskot for denne skjøtselen. Det har vore ønske om å utvide denne. Lokaliteten vert skildra som ei svært fin slåttemark av gamlesorten. Etter ønskje frå grunneigar vert òg Haugane og Kvelve skjøtta etter vurdering av at desse har restaureringspotensial. Då desse lokalitetane vart synfart av Fylkesmannen i 2013 bar dei preg av å vere gjødsle og i dårleg hevd, men med restaureringspotensial. Det var den gongen inngått av avtale om skjøtsel med grunneigar. Status for kva hevd lokaliteten har i dag er uviss.





Kart over dei tre lokalitetane med slåttemark, Haugane (BN00086373), Kvelve (BN00086378) og Torebrekk (BN00024952) på Måkestad

Kulturminne

Det samanhengande beltet av frukthagar som pregar landskapet på begge sider av fjorden, er i seg sjølv vitnesbyrd på historiske hendingar, som resultat av at Cisterciensarmunkar frå Lysekloster sannsynlegvis førte fruktdyrkinga til Hardanger. Prestane i Ullensvang og embetsverket har seinare hatt ei viktig rolle saman med fruktbøndene med å utvikla fruktdyrkinga i Hardanger. Forsøkgarden (no: NIBIO Ullensvang) med sine bygg vart etablert på prestegarden i Ullensvang i 1949 og er ei vidareføring av dyrkinga som skjedde der. Landskapet med lune lier mellom fjord og fjell, har gitt eit variert og stabilt ressursgrunnlag også i tidlegare tider.

Lausfunn frå steinalder tyder på at områda langs fjorden var eigna for fangst og fiske. Området kan òg ha inngått som ein viktig ferdsleveg til jaktområde i høgfjellet. Ein del av steinreiskapane er knytt til tidleg jordbruksbusetting, og arkeologiske undersøkingar har vist at ein allereie i slutten av steinalderen har begynt å rydde land og dyrke jorda i liene. Oppdyrkinga blir meir omfattande vidare fram i tid gjennom bronsealderen og inn i jernalderen. Det eldste sikre busetnadsfunnet er ei nedgraving frå bronsealderen på Hovland. Elles vitnar oldsaker av jern og bronse, og ei stor mengd gravminne, om rikdom og eit landskap som har gitt livsgrunnlag for stor busetting. Den store mengda bergkunstlokalitetar, som ein finn både langs fjorden, i inn- og utmark, på stølar, og langs ferdsleveggar opp til høgfjellet fortel òg om jordbruk og aktivitet. Bergkunsten i området består i hovudsak av skålgroper, og med nær 100 skålgropfelt framstår landskapet i ei særstilling nasjonalt.

I tillegg til tufter på stølar og øydegardar frå jernalder og mellomalder, og vegfår knytt til driftehandel og utmarksbruk, finst òg viktige bygningar og bygningsmiljø, der nokre er freda etter Kulturminnelova. Klyngetunet på Aga skriv seg frå ein av dei største gardane i Hardanger i mellomalderen, og her ligg lagmannstova frå om lag 1220-1230. På Lofthus ligg den freda sorenskrivargarden og mellomalderkyrkja frå 1250-1300. Gardseigedomane går frå fjord til fjell, der SEFRAK-registrerte bygningar er godt representert i naustmiljø og på stølar, og ein gjennomgåande byggeskikk er bevart i laft og våningshus med skifertak. Her er mange intakte uthus til dømes utløer, vårflorar, kvernhus og buer.





Skredhaugen er ei samling hus og bondeinterior frå Sør fjorden, der vi m.a. finn Seksestova frå 1600-talet med dette flotte dørbeslaget

Det finns mange kulturhistoriske element i form av reiskapar brukt i fruktdyrkinga og foredlinga av frukt i området. På Utne finn ein mellom anna ei slik saftpresse som Asbjørn Måge fekk premie for av Det Nyttige Selskab for Bergen og Bergenhus-amta i 1778. Prisen vart gitt for å «ha vist stor iver med frugtrærs plantning, inpodning og inrette en bekvem maskin til at presse most af frugten». I landskapet som er forma i den tida då fruktdyrkinga skaut fart på slutten av 1800-talet finn vi spor etter både terrassemurar, transportbanar for frukthasting, gardsvegar, elvemurar, planering og kaier frå ulike tidsepoker. Fruktdyrkinga har til alle tider endra seg i takt med nye dyrkingsmetodar, noko som òg gjev seg utslag i landskapet.

Hardanger Folkemuseum har samlingar med kulturhistorisk viktige bygningar på Utne, Skredhaugen og Bu. Stiftelsen Agatunet har kulturhistoriske viktige bygningar i Agatunet. I Hardanger og Voss museum sin strategiplan for 2023-2026 er det nedfelt at ein av dei faglege spyspissane skal vera kulturlandskap med vekt på fruktdyrking og moderne landbruk. Det er sett ut historiske eplsortar på Hardanger folkemuseum, i Agatunet, på Skredhaugen og på Bu.

I tillegg finn vi Hesthamar skrivargard på Vines og Sjøgarden sorenskrivargard på Lofthus, som begge er viktige manifestasjonar på den sterke rettshistoria i området. Sorenskrivargarden på Lofthus husar i dag Hardanger tingrett. Den vart oppført som sorenskrivarbolig i perioden 1922-1923, og består av hovudhus, naust og hage. Hovudhuset er teikna av arkitekt Einar Oscar Schou (1877-1966). Schou vann arkitektkonkurransen om Den Nationale Scene (1906-09) og er rekna som ein av opphavsmenna bak den såkalla Bergensskulen i arkitekturen, saman med mellom anna Frederik Konow Lund, Egill Reimers og Ole Landmark. Typisk for bergensstilen er liggjande panel, små- rutete vindauge, nybarokke detaljar kring dører og vindauge, vipp på taket og midtstilt gavlparti. Det lokale namnet på eigedommen er Sjøgarden.

Hesthamar ved Vines vart kjøpt til sorenskrivargard for Hardanger i 1637 og hadde denne funksjonen fram til 1790. Delar av hovudhuset som står der i dag er frå 1720-30-åra, og huset har detaljar prega av barokk, regence og rokokko. Den loggia-aktige svalgangen er med å gje huset særpreg. Det er ein av Vestlandets mest autentiske gamle embetsgardar, og vart freda i 1920-åra. Huset ligg fint til med hage som strekk seg ned mot fjorden. Hagen er pent opparbeidd i nyare tid med grusgangar, hellelegging og prydplantar mot søraust og sørvest. Framfor huset mot sjøen i nordvest er det ein teig med frukttre. Vest om huset ligg stabburet som skal være frå tidleg 1800-tal, og ved sjøen ligg eit eldre naust med skiferlagt tak.

Når det kjem til immaterielle kulturminne finn vi ei rik lokalhistorie med mange segn og forteljingar knytt til landskapet. Det er òg god kunnskap om fruktdyrkinga si historie og om produksjonsmåtene fram til i dag. Mange gardbrukarar vidarefører i dag ein tradisjon med heimeproduksjon av sider på ein profesjonell måte.



Heilskap

Området er eit heilskapleg kulturlandskap med klar historisk og geografisk samanheng i form av eit rett fjordløp med jamnt stigande lier til fjella på begge sider. Bakom dei ligg fjellviddene med stølær og ferdsselsveggar. Langs begge sider av fjorden ligg eit mest samanhengande belte av gardar med landbruksareal og fruktdyrking, og tradisjonell byggeskikk.

Kontinuitet og tidsdjupne

Området er unikt i nasjonal samanheng. Jamfør Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse er fruktdyrkingslandskapet i Ytre Sørfjorden det mest framståande landskapet av denne typen i landet. Det har stor utstrekning og visuell styrke. Det har tidsdjupne, kontinuitet og bruksverdi i områda ved fjorden, men frå bøgarden og opp til fjellet viser gjengroinga at det er brot i bruken og kontinuiteten. Utmarka vert i dag brukt til skogbruk, jakt og tradisjonelt friluftsliv, men har mindre verdi for jordbruket. Det er i dag mindre beiting i utmark enn før, og mykje innmarksbeite. Det kan såleis sporast i eit brot i tradisjonen med mangesysleri, der ressursar frå fjord til fjell vart brukte.

Aktiv fruktdyrking i kombinasjon med eit storslått landskap er av stor betydning for både lokal og nasjonal identitet – gjennom fotografi, maleri og musikk. Jordbruksdrifta er moderne på areala som er i drift. Gamle frukthagar er for det meste dyrka opp til moderne planting. Område med større potensiale for biologiske verdiar har for det meste gått ut av drift, til dømes gamle lier med styvingstre av bjørk og gamle beitemarker.

For jordbruksdrifta si del ligg kulturlandskapsverdiane i størst grad i den moderne driftsforma i den historiske samanhengen og ramma inn av eit storslått landskap. Det er aktiv satsing på å stadig utvikle fruktproduksjonen for å oppretthalde den gode økonomien i næringa. Produksjonen er arbeidsintensiv, med mykje aktivitet på gardane og mange folk i arbeid i landskapet. Stemninga og opplevinga av landskapet kan soleis på nokre vis minne om landsbystemning i vindyrkingsområde i Europa. Dei velstelte og forma frukthagane står i stor kontrast til den ville naturen med bratte fjell og brear. Sjølv om fruktproduksjonen har moderne driftsmetodar, har den ei rik historie som også er av betydning i dag, til dømes for marknadsføring.

Representativitet og særpreg

Som tidlegare skrive har UKL Ullensvang eit preg som syner ulik teknologi og dyrkingsmetodar før og no. Området er såleis representativt for typiske fruktlandskap i fjord-Noreg.

Likevel har området eit særpreg i både byggeskikk, siderkultur og folkelynne. Kulturminna på Lofthus, klyngetunet på Aga og ferdsselsvegane til fjellet er framståande i nasjonal samanheng. Landskapet har stor opplevingsverdi.

Formidlingverdiar

Det er tidlegare i planen peika på dei to raude trådane og formidlingstema som går igjen i det utvalde området; fruktdyrking og retts- og middelalderhistorie. Formidling av historia knytt til kyrkja og prestane si sentrale rolle i fruktdyrkingshistoria og det heilskaplege kulturmiljøet på Ullensvang prestegard er og naturleg å byggja på i arbeidet med UKL Ullensvang. Her kom forsøkgarden i 1949 som no er NIBIO Ullensvang. Dette er det teke tak i gjennom forprosjekt og mogleighetsstudie «Nasjonalt frukt- og sidersenter» som er i arbeid (2021 -). Dette er tema som det vil vere naturleg å byggje på i arbeidet med UKL Ullensvang.

Fruktdyrkinga har, som tidlegare skildra, sett sitt særpreg på både landskap, folk og lokale produkt. Samstundes er ikkje landskapet berre forma av gardsdrift og driftsformer, men i aller høgste grad òg av utskiftingar og dei skiftande rettslege forholda gardane har måtta forholde seg til opp gjennom tidene. Dette er ein dimensjon som kjem tydeleg fram når ein ser heile det føreslegne UKL-området



under eit. Rettshistoria er teke tak i som formidlingstema av Agatunet.

Fotodokumentasjon

Den fremste kjelda til eldre foto frå området er truleg fotografia til Knud Knudsen frå Odda. Han vert i dag rekna som ein av dei fremste landskapsfotografane på 1800-talet. Knudsen hadde atelier i Bergen, men reiste ofte heime til Odda og for å plante ut frukttre. Dette arbeidet dokumenterte han gjerne med foto. Det ligg òg store mengder reisefoto i samlinga etter Knudsen, m.a. frå Hardanger. Knudsen var forøvrig òg ein pioner innan fruktdyrking.

Det finst truleg òg mykje anna fotomaterial frå landskapsfotografane og nyare tids foto som det må gjerast eit arbeid for å skaffe oversikt over.

Utfordringar

I samband med utnemning av ytre Sørfjorden som Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse uttrykte kommunestyret i Ullensvang at det største trugsålet er overordna næringspolitikk og lønnsemd i fruktdyrkinga. Dersom rammevilkåra fell vekk for denne produksjonen, vil landskapet og det spesielle særpreget som fruktdyrkinga gjev i dag vere skadelidande. Med andre ord vil dette seie at framhald av fruktdyrkinga er viktig for å oppretthalde landskapet sin karakter.

Sona over bøgarden, dvs. over fruktdyrkinga er i stadig større grad under gjengroing, i tillegg til dei areala som ikkje vert brukt til fruktdyrking. Dette endrar landskapskarakteren.

Det utvalde kulturlandskapet må driftast av ei aktiv næring. Næringa i dag er «framoverlent» og har god rekruttering, interesserte og driftige bønder, er godt organisert i faglag og omsettingsledd.

Det heilskapelege landskapet er lite truga av mindre endringar, men er sårbart for store vegstrukturar, kraftliner, store endringar av gardstun, masseuttak og industri.



Visjonar og mål

Visjonen og måla for UKL Ullensvang er utarbeidd i dialog med samarbeidsgruppa for området med eit 20-års perspektiv for auge.

Visjon:

UKL Ullensvang skal vere ein nasjonal frukthage der kulturarven og utviklingstrekk i landskapet vert teke vare på, samstundes som næringa får utvikle seg og vere framloverlent.

Mål:

Det overordna målet er å oppretthalde landskapet, kulturarven og frukt dyrkinga, og utvikle næringar knytt til det unike landskapet, slik at særpreget vert halde i hevd på best mogleg vis. På denne måten vil landskapet legge eit viktig grunnlag for identiteten til lokalbefolkninga og for inntrykket utanforståande har av området. Tydeleggjering av dei kulturelle, historiske og biologiske verdiane i landskapet for lokalbefolkninga så vel som for tilreisande skaper aksept og motivasjon for stell av den nasjonale frukthagen.

Delmål:

- Ta vare på og vidareutvikle frukt dyrking i eit historisk landskap, og som grunnlag for vidare næringsutvikling (for å ha fokus også på den moderne dyrkinga og vidareutviklinga. Og som historikken som ramme rundt dyrkinga).
- Legge til rette for aktivitetar og opplevingar knytt til frukt dyrkinga og i landskapet (for å inkludere ymse fruktstiar og stoppepunkt. Men også opne for ymse kulturelle arrangement.
- Gjere historia knytt til landskapet meir kjent (jamfør stort fokus på informasjon).
- Knyte saman kulturminneformidling og frukt dyrkarlandskapet.
- Styrke merkevarbygginga rundt frukt og vidareforedla frukt frå Hardanger. Gje frukta ei tilleggsverdi gjennom å knytte den i sterkare grad til jordsmonn, landskap og historie gjennom marknadsføring.
- Legge til rette for utvikling av frukt dyrkarlandskapet inn i framtida, gjennom ny kunnskap og ny teknologi.
- Legge til rette for å etablera eit besøkssenter/formidlingssenter i den gamle prestegardsløa ved Ullensvang prestegard der historia kan forteljast heile året. Det kan bli ein møtestad for frukt bøndar, most og sider produsentar, lokalsamfunnet, forskarar, særleg interesserte, skuleelvar og turistar. Senteret vil kunne gi kunnskapsformidling av historie og forskning, samt vere ein vegvisar til kulturlandskapet, vandringer, besøksgardar og sidergardar mv i området rundt.



Tildeling av midlar innanfor ordninga

Prioriterte område for tildeling av midlar

Tildeling av midlar for ordninga skal bygge opp under visjonen og målsetjingane.

Prioriterte område for tilskotsmidlar er:

1. Historieformidling og samordning av skilting, tilrettelegging og informasjon
2. Skjøtsel av landskap og kulturminne
3. Besøksstyring og formidling, herunder formidlingscenter for frukt, sider og kulturlandskap.
4. Næringsutvikling og merkevarebygging

Historieformidling og samordning av skilting, tilrettelegging og informasjon

Eit prioritert område for UKL-området er besøksstyring gjennom tilrettelegging i form av parkering og toalett, vegskilting og informasjon. Kjører ein riksveg 13 og/eller fylkesveg 550 har ein godt utsyn til heile UKL-området. Rv 13 er ein Nasjonal turistveg og alle som køyrer desse vegane vert slått av det særeigne landskapet. Vegane strekk seg til dels rett gjennom bygdene og mange gardstun der våningshuset ligg på eine sida av vegen og driftsbygningen på andre sida. På begge sider av vegen er det frukthagar kloss i vegen. For dei som vil sjå endå meir frå bilen, er det høve til å ta ein avstikkar via ein gjennomgangsveg og såleis komme endå tettare på frukthagane og gardstuna. Det at heile landskapet er så tilgjengeleg er ein klar verdi, men kan sjølvst og vere ei utfordring. Det er gjort visse grep for å dempe utfordringane som mange tilreisande fører med seg, mellom anna med å legge til rette for meir tilgjengelege vegar for vandring og sykling i landskapet. Dette er ein tematikk som ein status som UKL-område vil kunne vere med å gje føringar på. For at møta mellom lokalbefolkning og besøkande skal vere positive er det viktig at skilting og informasjon er lokalt forankra.



Informasjonstavle på Fruktstien i Lofthus



Hardangerbrua (2013) har gjort at særleg riksveg 13 er vorte meir nytta. Den nye foreslåtte heilårsvegen mellom Bergen og Oslo over Haukeli med Hordalandsdiagonalen er planlagt å tangere det nye UKL-området og vil truleg medføre auka trafikk i området.

Det er allereie gjort mykje godt arbeid for å formidle landskapsverdiar og for å legge til rette for ferdsel. Gamle ferdselsvegar er utbetra og det er gjort eit godt arbeid med å merke desse. Det er såleis viktig at nye skiltprosjekt vert samordna med eksisterande infrastruktur for formidling.

Døme på merkte turløyper er:

- Skredløypa frå Aga til Reisetser
- Reisetserlia frå Reisetser til Folgefonna Nasjonalpark
- Elvedalen på Lofthus
- Frukstien Lofthus/Opedal
- Munketreppene Lofthus/Opedal
- Kongsbergvegen
- «Dronningstien» i oppkant av frukthagane på vestsida av Sørfjorden
- Utne-Høyviki-Sletthagen

For å få folk ut i landskapet er det avgjerande å gjere det tilgjengeleg gjennom merking og informasjon. Ei vidareføring av slik tilrettelegging og informasjon er tiltak som UKL-midlane kan nyttast til.

Skjøtsel av landskap og kulturminne

UKL Ullensvang er eit stort område i areal. Det er såleis viktig å prioritere skjøtselstiltak, der prioriteringane må henge saman med visjonen og målsetjingane for området.

Aktuelle skjøtselstiltak kan vere følgjande:

- Tilskot til skjøtsel av spesielle fruktteigar
- Tilskot til spesielt interessante jordbruksareal (biologisk og kulturhistorisk), t.d. tidlegare innmarksbeite, utmarksslåtter og anna attgroingsareal
- Tilskot til skjøtsel/drift av informasjonspunkt og fruktstiar
- Tilskot til framtidig skjøtsel av ein eventuell museumshage på Aga
- Skjøtsel av gravhaugar, murar, ekstra verdifulle hus, ekstra verdifulle kulturminne, ferdselsvegar

Besøksstyring og formidling

Sikring og varetaking av verdiane i området og formidling av desse er viktige mål for området. Eit ledd i å nå desse måla vil vere å arbeide godt med besøksstyring, der formidling er eit viktig verkemiddel. Besøksstyringa vil medverke til at tilreisande får dei opplevingane dei ønskjer, men òg til lokal verdiskaping og varetaking av natur- og trivsel lokalt. Hardangerrådet arbeider aktivt med besøksforvaltning som tema, m.a. etter modell frå Lofoten, med mål om å få dette inn i det kommunale planverket (www.hardanger.com). Besøksforvaltning er òg eit tema i dokumentet **Kommuneplan: Mål og strategiar 2020 – 2024** som er vedlegg til høyringsframlegget av kommuneplanens samfunnsdel for Ullensvang kommune i perioden 2020 - 2032.

To sentrale formidlingstema som har peika seg ut gjennom prosessen med å etablere UKL-statusen er "Den nasjonale frukthagen»/Fruktdyrkinga si vogge og retts- og middelalderhistorie.

Desse formidlingstema er allereie integrert i den eksisterande formidlinga i området, og brukt av



både private og offentlege aktørar. Likevel ligg det eit potensial i å auke frekvensen og profesjonaliteten i formidlinga. Ikkje minst ligg det ei utfordring i å skape ein heilskap i formidlinga. Dette er noko UKL-statusen kan bidra til.

Som eit første tiltak for å nå målet om meir heilskapeleg formidling vil det vere aktuelt å få utarbeidd ein kombinert plan for besøksstyring og formidling der det vert arbeidd vidare med tilretteleggingstiltak, og hovudtema og ulike undertema for formidling. I tillegg kan ein slik plan peike på kva målgrupper formidlinga skal ha, og kva media som er eigna for å nå fram med budskapen. Slik media kan t.d. vere:

- Vegskilting og informasjon
- Informasjonspunkt med skilt og tavler, regionalt og lokalt
- Publikasjonar
- Omvisarprogram for guiding
- Film og andre multimedieprodukt
- Informasjonssenter og museum
 - Informasjons- eller formidlingssenter i tilknytning til fruktstien på Lofthus (gjerne i form av ein gamal driftsbygning, der besøkande kan gå inn og sjå foto, små utstillingar og lese informasjonstavler) Den gamle prestegardsløa i Ullensvang er aktuelt som eit slikt informasjonssenter.
 - Fruktthage på Agatunet
- Temaløyper og -stiar
 - Rettsløype med Hesthamar skrivargard, Tingstova på Aga og Sjøgarden sorenskrivargard på Lofthus
 - Vidareutvikling av fruktstien på Lofthus
- Arrangement
 - Morellfestivalen
 - Hardanger Internasjonale Siderfest
 - Hardanger Musikkfest
 - Andre lokale festivalar

Næringsutvikling og merkevarebygging

Det er lange tradisjonar for næringsutvikling med utgangspunkt i landskapet i området. Området var eit ynda reisemål for engelske turistar på slutten av 1800-tallet og byrjinga av 1900-tallet. Landskapet har gjeve inspirasjon til internasjonalt kjente kunstnarar særleg under nasjonalromantikken. Det er stadig ein god del turisme i området, men potensialet kan nok nyttast endå betre. For nokre er området framleis ein gjennomfartsveg. Å få fleire til å overnatte kan vere eit mål.

I miljøet på Lofthus er det, i samarbeid med hotell Ullensvang hotell, utvikla fruktstiar for vandring i fruktlandskapet. Desse er knytte til ferdslvegane som går opp til Hardangervidda. I Vikebygd landskapsark har ein etablert over 50 overnattingsseiger knytt til gardsturisme. Agatunet med si unike historie og autentiske bygningsmiljø er ein attraksjon og eit stort potensiale som kan utviklast.

Det er stor interesse og potensiale for merking av fruktproduksjonen og utvikling av ulike produkt knytt til kvaliteten på frukta, t.d. sider og saft. Andre lokale landbruksprodukt kan og komme under logoen til UKL.





Alde er merkenamnet til produsenten Bleie gard som satsar stort på siderproduksjon og formidling

Det er stor optimisme og stor utvikling knytt til vidareforedling av frukta. Inspirert av m.a. «terroir»-tankegangen er det stor interesse for å knytte produkt til stadnamn og lokal historie. Dette viser seg særleg i forhold til eplejus og sider. I 2016 vart det lov å selje sider frå eigen gard, noko som verkeleg sette fart i denne satsinga i indre Hardanger. Å kunne marknadsføre eksempelvis ein sider frå eit UKL område vil vere med å bygge historie rundt produktet.

Fruktlagera i kommunen, på Utne, Lofthus og Nå, ser svært positivt på å nytte ein UKL-status til utvikling av produkt. Dei ser at dette kan brukast til merkevarebygging og annan marknadsføring, gjennom å utvikle produkt, emballasje og anna materiell.

Krav til søknad

Søknad skal sendast inn via Altinn. Søknaden må innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket, budsjett og gjennomføringsplan. Kart og fotodokumentasjon er viktige dokument som bør leggest ved søknaden. Søknadsfristen er løpande, om ikkje anna er oppgitt på kommunen si nettside.

Arbeidsfrist

Frist for gjennomføring av tiltak er 3 år frå det blir løyvd tilskot. Ullensvang kommune kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd. Utbetaling av tilskot og krav om rapportering Ullensvang kommune betalar ut det løyvde tilskotet etter skriftleg rapport når omsøkt tiltak er ferdig. Skjema for rapportering skal sendast inn via Altinn.

Det kan betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført og arbeidet og sluttregneskapen er godkjent.

Lovverk – status og tiltak

UKL-ordninga er regulert gjennom forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene..., FOR-2019-12-18-2024. Status som utvalt kulturlandskap i jordbruket endrar ikkje den juridiske statusen til området. Forvaltningsplanen er difor ikkje juridisk bindande, men dannar grunnlaget for varetaking og utvikling av området både på kort og lang sikt. Det langsiktige perspektivet er viktig i høve til statlege mål om å sikre spesielt verdifulle kulturlandskap for framtida. I tillegg treng grunneigarane føreseielege rammer på lang sikt, i høve til sine prioriteringar og innsatsfaktorar.

Men for å sikre ei langsiktig varetaking av verdiane i området, er det minst like viktig at grunneigarar, kommunal leiing og innbyggjarar elles i kommunen oppfattar området som ein positiv ressurs. Her vil kommunen ha eit særleg ansvar for å halde fram med det positive arbeidet med å forvalte dei store verdiane i landskapet på ein positiv måte.

Kommuneplanen sin arealdel

Ullensvang kommune arbeider med ny arealdel til kommuneplanen kommuneplan. Den langsiktige forvaltninga kan til ein viss grad sikrast ved å knyte forvaltningsplanen til arealdelen av kommuneplanen. Området bør få omsynssone i kommuneplanens arealdel, med generelle føreseigner og retningslinjer som formulerer målsetjinga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.

Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA)

Ytre Sørfjorden er eit av ni kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland som er utvalde av Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren i samarbeid. Registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal gjere det klart kva landskap det knyter seg nasjonale interesser til og korleis dei bør varetakast. Målet er òg at dette skal medverke til meir føreseieleg arealplanlegging og forvaltning av desse landskapa.

Området er teke med i registeret som eit av dei mest representative fruktdyrkingslandskapa i landet, der den store utstrekninga, heilskapen og den visuelle styrken vert trekt fram. I tillegg er tidsdjupna, kontinuiteten, bruksverdien og opplevingsverdien understreka som viktige trekk ved området (Riksantikvaren 2016).

Avgrensinga av KULA-området Ytre Sørfjorden tilsvarer i stor grad avgrensinga av det utvalde kulturlandskapet i jordbruket, men omfattar ikkje grendene Utne, Vines og Alsåker slik som UKL-området.



Kostnadsoverslag og finansiering

Kostnader

UKL Ullensvang er eit relativt stort område med mange verksemder og grunneigarar. Det totale arealet utgjer rundt 180 km². I startfasen vil det vere naudsynt å sette av midlar til planlegging, som t.d. ein plan for besøksstyring og formidling. I dette arbeidet er det naturleg å legge inn ein plan for skilting og merking av vegar og stiar, noko som betyr at ein slik plan vil vere nokså arbeidskrevjande.

Det må takast høgd for kostnadar knytt til organisering og prosess for etablering av UKL-satsinga. I Hordaland har det gjennom fleire år vore satsa på landskapsparkar som på mange måtar liknar UKL satsinga. Erfaringane herifrå syner behovet for ei grunnfinansiering av organisasjonen.

Tilrettelegging, informasjons- og formidlingstiltak er kostandskrevjande. Dersom slike tiltak blir prioriterte vil mykje av UKL-midlane gå med til dette dei første åra.

Midlar vil òg kunne gå med til prosjektarbeid med merkevarebygging og næringsutvikling knytt til UKL-satsinga.

Det vil truleg òg vere etterspurnad etter midlar til restaurering av kulturminne knytt til fruktdyrkinga.

Storleiken på midlane som vert tildelt, er betinga av aktiviteten i UKL-området. Prosessen lokalt har ikkje gått langt nok til at vi kan vere meir konkrete om behovet. Ein status som utvald kulturlandskap vil i seg sjølv ha verknad for utviklinga.



Finansiering

UKL-tilskotet vil utgjere ein viktig grunnfinansiering i fleire av dei skisserte tiltaka, men mange av tiltaka vil ha behov for delfinansiering frå andre kjelder.

Innovasjon Norge

UKL-midlane vil t.d. kunne utløyse midlar frå Innovasjon Norge til investering i infrastruktur knytt til informasjon og formidling.

Regionalt miljøprogram (RMP)

- Aktuelt for eigedomar i aktiv drift
- Aktuelle tilskotsordningar gjennom RMP i Vestland pr. i dag er tilskot til drift av bratt areal (deriblant hagebruksareal i drift med næringsføremål) og tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

- Aktuelt for eigedomar i aktiv drift

Kulturminnefondet

- Er aktuelt for tiltak knytt til tiltak på alle faste kulturminne som buplassar, hus og bygningar og kulturlandskap
- Støttar gjerne prosjekt som vert samfinansiert med andre tilskotsordningar
- Løpande søknadsfrist

Kommunalt næringsfond

- Aktuelt for tiltak der ein kan sjå føre seg samfinansiering og der tiltaket fører til lokal næringsutvikling.

Allmennyttige stiftingar

Delfinansiering av formidlingstiltak, restaureringstiltak og til vandreruter kan søkjast hjå private og allmennyttige stiftingar som Sparebankstiftinga Hardanger og Stiftelsen Norsk kulturarv mfl. Sjå også stipendportalen.no for fleire stønadsordningar.



Kjelder

Herstad, Maren Skogseid. 2015. Med kløv over fjellet. Drivkrefter i bondeøkonomien i Hardanger på 1700-tallet. Masteroppgåve. Høgskolen i Bergen.

Riksantikvaren 2016. Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland.
<https://www.grind.no/hardanger/ullensvang>

Måge, Finn. 2016. Norsk frukthistorie sett frå Hardanger.
Ullensvang kommune. Høyringsframlegg. Kommuneplan. Samfunnsdel 2020 – 2032 med vedlegget
Mål og strategiar 2020 – 2024.

